

Innkalling

Utval: Representantskapet SKS IKS
Møtestad: Lerstadvegen 545, Breivika, kommunerevisjonen sine lokalar 4. etasje.
Dato: 22.10.2025
Tidspunkt: 14:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 926 11735

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Therese Jemtegård Moen, Fjord kommune og Einar Arve Nordang, Stranda kommune har meldt forfall. Vara er kalt inn.

NB! merk nytt møtetidspunkt 14.30

Sakliste

PS 06/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 07/25 Fjernmøter i Representantskapet i Sunnmøre
kontrollutvalsekretariat IKS
PS 08/25 Val av styremedlem SKS IKS 2026 - 2029
PS 09/25 Godtgjersle til styret og representantskapet SKS IKS 2026
PS 10/25 Budsjett 2026 - økonomiplan 2027 -2029 Sunnmøre
kontrollutvalsekretariat IKS

Ålesund, 15.10.2025

Hans Kjetil Knutsen
Leiar representantskap

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 06/25 Representantskapet SKS IKS

Møtedato
22.10.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Representantskapet SKS IKS - 22.05.2025

Møteprotokoll

Utval: Representantskapet SKS IKS
Møtestad: Breivika
Dato: 22.05.2025
Tidspunkt: kl. 12:00 - 13:00

Følgjande medlemmer møtte

Anders Lindbeck
Hans Kjetil Knutsen
Jessica Gärtner
Leonhard Vårdal
Vebjørn Krogsæter

Forfall

Anne Berit Støyva Emblem
Einar Arve Nordang
Håkon Lykkebø Strand
Kenneth Langvatn
Terese Jemtegård Moen
Turid Kristin Sand Humlen

Møtande varamedlem

Steinar Aanning
Ivar T. Østrem

Møtenotat

Neste møte i representantskapet blei avtalt til onsdag 22. oktober 2025 kl. 14.30,
Lerstadvegen 545, Breivika.

Hans Kjetil Knutsen
Leiar representantskap

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/25 Revidert Årsrekneskap 2024 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
- PS 03/25 Årsmelding 2024 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
- PS 04/25 Oppnemning av nytt medlem til valkomiteen i SKS IKS
- PS 05/25 Orienteringar
- OS 01/25 Orientering om regionalt sekretariatsamarbeid april 2025

PS 01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Representantskapet SKS IKS 22.05.2025

RSKS 01/25 Vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling i møtet

Samrøystes vedteke.

Styret si tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 02/25 Revidert Årsrekneskap 2024 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Representantskapet SKS IKS 22.05.2025

RSKS 02/25 Vedtak:

Representantskapet godkjenne årsrekneskapen 2024 med eit netto driftsresultat/mindreforbruk på 264.496,-
Mindreforbruket i 2024 på 264.496,- førast til disposisjonsfondet.

Behandling i møtet

Tilleggsforslag, foreslått av Vebjørn Krogsæter:

Mindreforbruket i 2024 på 264.496,- førast til disposisjonsfondet.

Samrøystes vedteke.

Styret si innstilling:

Representantskapet godkjenne årsrekneskapen 2024 med eit netto driftsresultat/mindreforbruk på 264.496,-

PS 03/25 Årsmelding 2024 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Representantskapet SKS IKS 22.05.2025

RSKS 03/25 Vedtak:

Representantskapet godkjenne Årsmelding 2024 slik den ligg føre.

Behandling i møtet

Samrøystes vedteke.

Styret si innstilling:

Representantskapet godkjenne Årsmelding 2024 slik den ligg føre.

PS 04/25 Oppnemning av nytt medlem til valkomiteen i SKS IKS

Representantskapet SKS IKS 22.05.2025

RSKS 04/25 Vedtak:

Representantskapet veljer Jessica Gärtner som nytt medlem i valkomiteen for SKS IKS.

Behandling i møtet

Det blei av leiar framsatt forslag på Jessica Gärtner som nytt medlem av valnemnda i SKS IKS.

Samrøystes vedteke.

Sekretariatet si innstilling:

Representantskapet veljer som nytt medlem i valkomiteen for SKS IKS.

PS 05/25 Orienteringar

OS 01/25 Orientering om regionalt sekretariatsamarbeid april 2025

Representantskapet SKS IKS 22.05.2025

RSKS 01/25 Vedtak:

Representantskapet tek orienteringa om regionalt sekretariatsamarbeid til vitande.

Behandling i møtet

Dagleg leiar fortalte kort om det samarbeidet mellom sekretariata i Møre og Romsdal som har utviklet seg siste året. Første resultat av dette samarbeidet er felles leiaropplæring måndag 25. august 2025 på Vestnes for leiarane av kontrollutvala.

Samrøystes vedteke.

Styret SKS IKS 23.04.2025**SSKS 04/25 Vedtak:**

Styret tek orienteringa om regionalt sekretariatsamarbeid til vitande.

Behandling i møtet

Dagleg leiar orienterte om samarbeidsmøta som har vore med dei andre sekretariata i fylket. Det blei opplyst at det skal arrangeres eit felles kontrollutval leiar kurs på Vestnes 25. august 2025.

Samrøystes vedteke.

Sekretariatet si innstilling:

Styret tek orienteringa om regionalt sekretariatsamarbeid til vitande.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 07/25 Representantskapet SKS IKS

Møtedato
22.10.2025

Fjernmøter i Representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Sekretariatet si innstilling:

Representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS vedtar at det kan bli brukt fjernmøte ved høve, ref. IKS lova §8 a.

Bakgrunnsinformasjon:

Leiar av representantskapet, Hans Kjetil Knutsen har satt fram ynskje om at det blir brukt fjernmøte ved særskilde høve. Lov om interkommunale selskap, § 8a opnar for dette. Det må da gjerast eit vedtak i representantskapet.

Lovteksten seiar:

§ 8a.Møte i representantskapet

Reglene om møteoffentlighet i [kommuneloven §§ 11-5](#) og [11-6](#) gjelder tilsvarende for representantskapsmøter i interkommunale selskaper som er omfattet av [offentleglova](#). Hvis det blir vedtatt at et møte skal lukkes ved behandlingen av en sak, skal hjemmelen for lukkingen tas inn i protokollen.

Representantskapet kan treffe vedtak om at møter kan gjennomføres som fjernmøter. Fjernmøter innebærer at deltakerne ikke sitter i samme lokale, men at de via tekniske hjelpemidler likevel kan se, høre og kommunisere med hverandre. Kravene som ellers gjelder for representantskapsmøte, gjelder også for fjernmøter.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 08/25 Representantskapet SKS IKS

Møtedato
22.10.2025

Val av styremedlem SKS IKS 2026 - 2029

Sekretariatet si innstilling:

Saka leggest fram utan tilråding frå sekretariatet.

Bakgrunnsinformasjon:

Heimel for val av styre finn oss i lova om interkommunale selskap (IKS lova) paragraf 10:

§ 10. Styret og styrets sammensetning

Selskapet skal ha et styre på minst tre medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter åttende eller niende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst fem medlemmer. Dersom de ansatte skal velge styremedlemmer etter tiende ledd i paragrafen her, skal styret ha minst syv medlemmer. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende.

Styremedlemmene velges av representantskapet med de unntak som er nevnt i denne paragrafen. Representantskapet kan når som helst fjerne et styremedlem som det selv har valgt.

Representantskapet velger styrets leder og nestleder med mindre det er fastsatt i selskapsavtalen at valget foretas av styret selv.

Daglig leder eller representantskapsmedlem kan ikke være medlem av styret. Styremedlemmene velges for to år med mindre annet er avtalt. Valgperioden kan ikke settes lengre enn til fire år. Styremedlemmer tjenestegjør inntil nye medlemmer er valgt, selv om tjenestetiden er gått ut.

Vurdering:

Representantskapet gjorde i sitt møte 14. mars 2024, sak 04/24, val på følgende styre:

Styreleiar Svein Ove Sørholt, Ålesund, valt for 4 år, (2024 – 2027)

Nestleiar Anne Lise Følsvik Hessen, Giske, valt for 4 år, (2024 – 2027)

Styremedlem Torill Velle, Sykkylven, ikkje på val, (2022 – 2025)

Varamedlem Gunn Wågsholm, Ålesund, valt for 4 år, (2024-2027)

Varamedlem Ranveig Bakken Stavseth, Ålesund, valt for 4 år, (2024-2027)

Varamedlem Thor Hansen, Ålesund, valt for 4 år, (2024-2027)

Det er difor val på eit styremedlem for perioden 2026 - 2029 som må gjerast i møte 22. oktober 2025.

Valkomiteen består av Leonhard Vårdal, Sykkylven og Jessica Gärtner, Ålesund. Dei vil i møte 22. oktober 2025 presentere sitt forslag.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 09/25 Representantskapet SKS IKS

Møtedato
22.10.2025

Godtgjersle til styret og representantskapet SKS IKS 2026

Sekretariatet si innstilling:

- Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret er satt til 2.144,- per møte.
- Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer 28.878,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer 10.474,-. Hvis funksjonstida er under eit år blir den faste godtgjersla avkorta forholdsmessig.
- Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha 3.071,- i godtgjersle per møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiaren sitt fråvær.

Bakgrunnsinformasjon:

Etter kommunelova kapittel 8, rettigheter og plikter for folkevalde, har den som har eit kommunalt tillitsverv krav på skyss, kost og overnattingsgodtgjersle for reiser som følgje av vervet sitt etter gjeldande reglar.

Tap av inntekt og påførte utgifter som følgje av kommunalt tillitsverv skal godtgjerast opp til et visst beløp per dag. Det skal vidare fastsettast ulike satsar for dokumenterte og ikkje dokumenterte tap.

Det følgjer vidare av lova at den som har eit kommunalt tillitsverv har krav på godtgjersle for sitt arbeide etter nærare reglar.

Eksisterande godtgjersle i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS er følgjande (vedtatt i sak 11/24 i representantskapet på møte 23. oktober 2024) :

- *Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret er satt til 2.071,- per møte.*
- *Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer 27.921,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer 10.120,-. Dersom funksjonstida er under eit år blir den faste godtgjersla avkorta forholds messig.*

Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha 2.967,- i godtgjersle per møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiaren sitt fråvær.

Vurdering:

Det er lagt inn et forslag på vekst i satsane på 3,5 % noko som tilsvarar kommunal deflator 2026 frå Kommunenenes Sentralforbund.

Representantskapet står fritt til å følge framlagte forslag eller gjere vedtak på andre satsar.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 14/25	Styret SKS IKS	04.09.2025
PS 10/25	Representantskapet SKS IKS	22.10.2025

Budsjett 2026 - økonomiplan 2027 -2029 Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS Representantskapet si handsaming

Styret si innstilling:

Styret i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS tilrår representantskapet å gjere følgjande vedtak:

1. Budsjett 2026 og økonomiplan 2027 - 2029 for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jf. også fordelingstabell vedlegg nr. 2
2. Deltakarkommunane betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1.mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

Bakgrunnsinformasjon:

Budsjettforslaget er sett opp i samsvar med § 18 i Lov om interkommunale selskap og skal gi eit realistisk bilete av verksemda og det forventa resultatet av drifta for 2026.

Den enkelte deltakarkommune sin budsjett del for 2026 er ei teknisk utrekning i samsvar med den selskapsavtalen (gjeldande frå 1. januar 2020) der også forventa medgått tid er ein faktor.

Budsjettforslaget bygger på 2 ansatte (dagleg leiar og seniorrådgiver) i selskapet. Selskapet fortsetter å leige lokalar i Lerstadvegen 545 som i dag og behovet for fagleg påfyll vert løyst ved deltaking på konferansar i regi av Noregs kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for kontroll og tilsyn (FKT).

Budsjettforslaget for 2026 er sett opp med utgangspunkt i god kommunal rekneskapsskikk og er i tråd med kommunal kontoplan.

Vedtaket frå møte i representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (avtalt til 22. oktober 2025) blir sendt over til medlemskommunane snarast.

Vedlegg

styreforslag budsjett 2026 til repskap sks iks

Vedlegg 1

Budsjett 2026 Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS

	Budsjett 2026	Budsjett 2025	Rekneskap 2024
1010 lønn faste stillinger	2 350 000,00	2 250 000,00	2 118 563
1058 avg. pliktig bilgodtgjørelse			18 110
1082 møtegodtgjørelse	120 000,00	150 000,00	112 124
1090 pensjonsutgifter KLP fellesordning	400 000,00	400 000,00	313 184
1094 forsikring ulykke/gruppeliv - opppgavepliktig	7 000,00	7 000,00	6 411
1099 arbeidsgiveravgift	400 000,00	400 000,00	376 828
sum lønnskostnader og sosiale kostnader	3 277 000,00	3 207 000,00	2 945 220,00
1100 kontormateriell, faglitteratur, aviser	40 000,00	36 000,00	35163
1115 kommunal servering	7 000,00	10 000,00	3658
1129 andre forbruksvarer/tjenester	13 000,00	10 000,00	12674
1130 telefon/datakommunikasjon	40 000,00	40 000,00	36280
1131 porto/frakt	1 000,00	1 000,00	
1133 bankgebyr	5 000,00	5 000,00	
1138 naturalytelse (ikke oppg/avgiftspliktig)			
1139 motkonto til 1138			
1150 kurs/opplæring, ikke oppgavepliktig	80 000,00	60 000,00	67160
1160 bilgodtgjørelse - opplysningspliktig		35 000,00	
1170 transport/reiseutgifter ansatte - ikke oppgavepliktig	30 000,00	30 000,00	22704
1180 strøm	5 000,00	5 000,00	2946
1186 yrkesskade/ulykkesforsikring - ikke oppgavepliktig	10 000,00	10 000,00	1527
1190 husleie	190 000,00	175 000,00	175691
1196 lisenser/kontigenter	250 000,00	250 000,00	198597
1199 andre avgifter/gebyrer			
1200 inventar og utstyr (kjøp og finansiell leasing)	20 000,00	40 000,00	10792
1260 kjøp av renhold	10 000,00	10 000,00	9188
1271 konsulenttjeneter	150 000,00	150 000,00	118656
1429 merverdiavgift utenfor mva loven (komp)			141091
1502 andre finansutgifter	1 000,00	1 000,00	
sum driftskostnader	852 000,00	868 000,00	836 127,00
Sum kostnader	4 129 000,00	4 075 000,00	3 781 347,00
1710 refusjon sykkelønn			
1729 komp mva			141091
1750 refusjon andre kommuner (eventuell tilleggsfakturerings)			

1780 salg til andre (deltakeravgift)

4 149 902,00

3969039,41

sum inntekter	4 149 902,00	4 075 000,00	3 969 039,41
driftsresultat	14 000,00		187 695,00
renteinntekter	70 000,00		76 933,00
Årsresultat	84 000,00	-	264 628,00

Forslag til økonomiplan / langtidsbudsjett 2026-2029 SKS IKS

	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
Deltakaravgift kommuner	4 149 902	4 274 402	4 402 402	4 534 400
Lønn/personalkostnader	3 277 000			
Andre driftskostnader	852 000			
Sum kostnader	4 129 000	4 252 800	4 379 800	4 511 100
Driftsresultat	14000	21000	22600	23300

I økonomiplanen er det lagt til grunn en deflator på 3,0%

Vedlegg 2**Budsjettert fordeling av deltakarkostnader SKS IKS 2026**

	andel	50 % eigerdel	medgått tid	% medgått tid	totalt 2026	totalt 2025	økning kroner fra 2025	økning % fra 2025
Ålesund	5	943160	580986	28	1524146	1496638	27508	1,838
Fjord	1	188632	248994	12	437626	429727	7899	1,838
Giske	1	188632	248994	12	437626	429727	7899	1,838
Stranda	1	188632	248994	12	437626	429727	7899	1,838
Sula	1	188632	248994	12	437626	429727	7899	1,838
Sykkylven	1	188632	248994	12	437626	429727	7899	1,838
Haram	1	188632	248994	12	437626	429727	7899	1,838
sum	11				4149902	4075000		